

Forskrift om bruk av motorfartøy på vatn og vassdrag i Surnadal kommune

Fastsett av Surnadal kommunestyre xx.xx.2018 med heimel i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) §4, 3. ledd.

§ 1. Innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer

På innsjøar og vatn mindre enn 2 kvadratkilometer er all bruk av motorfartøy forbudt.

§ 2. Elvemunningar

I Surna elv er det forbudt å bruke motorfartøy ovanfor Øra bru.

I Bøvra elv er det forbudt å bruke motorfartøy ovanfor Bøverfjord bru.

I Søya elv er det forbudt å bruke motorfartøy ovanfor Søyset bru.

I Toåa elv er det forbudt å bruke motorfartøy ovanfor Halset bru.

§ 3. Innsjøar større enn 2 kvadratkilometer

I Krokvatnet, Vaulavatnet, Geitøyvatnet, Bøvervatnet og Almbergvatnet kan det brukast motorfartøy når motorstørrelsen ikkje er over 10 hk.

På Follsjø og Gråsjø kan det brukast motorfartøy når motorstørrelsen ikkje er over 30 hk.

Ved transport av personar, bagasje og utstyr innafor turist- og reiselivsnæring til Trollheimshytta og private hytter er største lovlege motorstørrelse 50 hk.

For samtlege innsjøar kan motorfartøy berre brukast til følgande formål:

- Formål som er nemnt i motorferdsellova §4, første ledd.
- Formål som er nemnt i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag §§ 2, 1. ledd og 3, 1. ledd.

Dette er mellom anna:

- politi-, ambulanse- og redningstjeneste og oppsyns- og tilsynstjeneste etablert med hjemmel i lov,
- nødvendig person- og godstransport til og frå faste bustader og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring.
- anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg,
- transport av jaktutbyte ved jakt på elg og hjort
- nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi,
- transport som er nødvendig for drift av turistanlegg,
- transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse,
- nødvendig transport i forbindelse med vitenskapelige undersøkingar
- Transport av personar, proviant og utstyr til private hytter og Trollheimshytta.
- Transport i samband med fiske, jakt på stor- og småvilt og bærsanking.
- Transport av ved.

§ 4. Bruk av vannskuter og sjøfly

Bruk av sjøfly, vannskuter og andre liknande kjøretøy er forbudt på alle innsjøar og vatn i Surnadal kommune.

§ 5. Unntak etter søknad

Kommunen kan etter skriftleg søknad gjere unntak frå reglane i denne forskrifta med heimel i § 6 i motorferdsellova.

§ 6. Straffeansvar

Den som forsettleg eller uaktsomt bryt denne forskrifta, eller medverkar til det, kan i medhald av motorferdsellova § 12 straffast med bøter.

§ 7. Ikraftsetting

Denne forskrifta blir sett i kraft straks.